

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

NOVEMBER 2006.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag:	Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL 6060 Hareid
President:	Hans Gisle Holstad
Visepres.:	Åge Nytun
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres.:	Arve R. Røyset
Styremedlem:	Johan Ole Brandal
Styremedlem:	Oddvar Haugen
Ansv. red.:	Sverre Bjåstad
Referent:	Egil Utgård

## Fødselsdagar i november:

Nils Yngve Nupen	05.11
Oskar Grimstad	08.11
Arne Lillebø	24.11
Egil Utgård	26.11
Gunnar Riise	28.11
Arve Richard Røyset	29.11

## 100% frammøte november:

Sverre Bjåstad	Jarle Klungsøy
Hans Gisle Holstad	Otto Holstad
Odd Arne Holstad	Elias Sellevoll
Åge Nytum	Egil Utgård
Ågot Riise	Svein Johs. Flø
John Stennes	Einar Holm
Jan Riise	

Frammøte i nov.: 73,8 %

## Tankar kring ei komande årstid

*November. Berre namnet får meg til å tenke på vinter. Ikkje ein sørpevinter som vi har hatt så mange av dei siste åra, men ein ordentleg gammaldags vinter; ein vinter slik den var då vi var unge.*

*Då var det verkelege vintrar. Vintrar som tok til i november og varte heilt fram mot påske.*

*Vintrar med snø. Mykje snø.*

*Vintrar då vi kunne hoppe Teigebakken ned, og henge etter bussane heilt fram på Eidet.*

*Vintrar då vi kunne renne med storkjelken hans Rolf frå øvst i Hovlia, og heilt ned til Hjellane i ei lei. Jente og gut, om ein annan, nær, halde rundt.....*

*Vintrar då barfosten kom tidleg og vi kunne skeise på Grimstadvatnet, runde etter runde eller hand i hand bort til sivet på andre sida av vatnet.*

*Det var vintrar det.*

*Dette var tankar som for igjennom hovudet mitt då eg rydda inn hagemøblane i år etter den finaste sommaren på lenge.*

*Skal tru om veret har snutt. Skal tru om vi vert velsigna med ein gammaldags vinter etter ein slik fin sommar, eller blir det ein "Sørpevinter"?????*

**GOD VINTER**  
**Egil**

## **Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – november 2006**

*Referent: Egil Utgård*

### **Møte 6. november**

Denne måndagen var vi inviterte på bedriftsbesøk til Jets på Hareid. Til møtet var også Ulstein Rotaryklubb inviterte, og vi var ialt 70 rotaryanarar samla då Kåre Audun Haddal ynskte oss velkomne til bedrifta.

Bedrifta som produserer vacumtoalett, vart starta i 1986 av Olav Hofseth og brødrene Edvard og John Gjerde. Dei første åra heldt dei til i Dragsund i Herøy, men flytte til Hareid i 1990. Då stod Orgelfabrikken ledig, og ved eit spleiseland med Hareid Kommune vart bygningane kjøpte som eit kommunalt uteleigebygg. Seinare har bedrifta kjøpt bygningane. Då Tussa flytta administrasjonen til Dragsund, kjøpte Jets også desse bygningane.

Omsetnaden har stige kvart år, og større lokale har tvunge seg fram.

For vel eit år sidan vart det vedteke å rive den gamle Orgelfabrikken og bygge ny fabrikk.

***Det nye bygget er no teke i bruk, og ser slik ut.***



Bygget som har kosta omlag 25 milj. har blitt flott både inne og ikkje minst ute.

Her har bedrifta verkeleg fått seg eit fabrikkanlegg for framtida.

Bedrifta sel produkta sine over heile verda. Totalt har dei 65 tilsette som er fordelt på bedriftene i Hareid og i Tyskland. Dei produserer lite sjølve, men monterer saman komponenter som dei kjøper frå spesialfabrikkar. Dette gjer at bedrifta har mange ingeniører og salgsfolk, og heller få produksjonsarbeidarar.

### ***Bilde frå monteringshallen***



Av produksjonen vert 85 % selde til båtmarknaden, medan 15 % går til hytte- og husmarknaden. Det er venta at denne marknaden vil auke. Dei har også teke til å lukte på tog-marknaden i China.

***Presidenten vår Hans Gisle, takka for synfaring, og overrekte blomar***



Det er alltid interessant og lærerikt å kome rundt til andre bedrifter å sjå korleis dei driv og utviklar seg. Ein får alltid gode idear til eiga verksemد.

### Møte 13. november

Denne måndagen var det Sanjayan sin tur til å halde ego-foredrag.

Sanjayan er den første medlemmen i klubben vår med innvandrerbakgrunn, og vi var spente på å høre han fortelje.

Sanjayan vart født på Sri Lanka i 1965, og kom til Norge som flyktning 7. januar 1987, 22 år gammal. Han landa på Fornebu etter ein lang flytur frå Bombay i India, i bitande kulde. Han var utan vinterklede, berre sommarklede. Han hugsar det var kaldt.

Mora var lege, og faren politi. Han var eldst i ein søskenflokk på 3, ein bror og ei søster. Broren bor i England, og søstra i Australia.

Fordi faren var tilsett i det offentlege, flytta familien rundt til forskjellige byar i landet.

Sanjayan vaks derfor opp og gjekk på skule på mange stader. Etter barneskule, tok han til på videregående skule, og tok gymnas.

***Dette var skulen der Sanjayan gjekk på Vidaregåande skule.***



Denne skulen var ein kristen skule og vart drive etter engelsk mønster. På skulen var der både Tamilar, Muslimar og Singalesere.

Dette var den første skulen på Sri Lanka der dei blanda elevar som tilhørde ulike religionar, og alle omgjekk kvarandre utan problem. Rektoren på denne skulen var svært streng, og han hadde tre viktige læresetningar: Disiplin, disiplin og disiplin.

På den vidaregående skulen var Sanjayan aktivt med i frigjeringrøsla for Tamilane, og då broren hans vart arrestert for dette arbeidet, og han sjølv var på listene over aktivistar som skulle takast til fange, fann han det best å forlata landet. Han fekk økonomisk hjelp av ei tante til å flykte til India, og seinare kom han så til Norge.

Først til eit samlemottak utanfor Oslo Der var han 3 måneder. Der var det masse snø og bitande kaldt. Maten var uvant, og språket vanskeleg. Magen streika. Der var lite å take seg til. Men på mottaket møtte han ein gut frå Chile, som han fekk eit nært forhold til, og desse to lærte seg å gå på ski. Etter 3 måneder kom han til Hareid.

At han kom til Norge og seinare til Hareid, var heilt tilfeldig.

Han vart innkvartert på Hareid Hotell 16.05.87. som den tida var omgjort til eit Asylmottak.

På Hareid starta han på norskopplæring, men han ville gå meir på skule. Han tok eit år på Alta Folkehøgskule, på linja for Foto og friluftsliv. Eit flott år, som han aldri vil gløyme.

For å få studiekompetanse, måtte han take opp att alle gymnasfaga. Dette gjorde han på Tingvoll 1989-1990. I 1990 flytta han så til Oslo og tok til å studere Sosialøkonomi. For å spe på økonomien, jobba han om kveldane som vaskehjelp på Norsk Datainstitutt. Her fekk han interesse for data, og maskinene var ledige om kveldane, og etter kvart vart han Kongen og lærermester for elevane, med det resultat at han så vidt klarte eksamen i Sosialøkonomi.

I 1992 fekk han også kona si, Karthi, ei jente frå Sri Lanka som han hadde kjent frå han var 14 år, til Oslo. Saman har dei fått to jenter som no er 9 og 6 år gamle og som finn seg svært godt tilrette på Hareid.

I Oslo var det vanskeleg å få arbeid, økonomien var skral, og då han i 1996 vart tilboden 50% stiling som lærar og tolk ved flyktningmottaket på Hareid, flytta dei attende hit og slo seg ned her for godt.

I 1997 vart han tilsett som datakonsulent ved Kleven Verft sine anlegg i Ulsteinvik, Måløy, Florø og Ålesund. I tillegg tok han heile tida andre småjobbar.

Då Ulstein Verft a/s ved salget av Ulsteinkonsernet til Rolls Royce i 1997 vart utskilt i eige selskap, fekk han jobben med å bygge opp dataavdelinga på Ulstein Verft a/s. Gjennom denne stillinga var han også prosjektansvarleg for å få bedrifta ISO-sertifisert. I dag har han ansvaret for drift av datautstyr til 400 brukarar i Ulstein konsernet. I tillegg til full jobb, har han gjennom alle år hatt postomberinga i Brandal. Dette har han gjort etter arbeidstid.

Til slutt i foredraget kom Sanjayan inn på konflikter som oppstår når ein flyttar til eit anna land med andre kulturar og andre skikkar. Det har lett for å bli kulturkollisjonar, spesielt synest jentene, som har vokse opp på Hareid, at han til tider kan vere vel streng.

Han har ofte følt seg i eit Ingenmannsland. Som eldste gut i ein familie er det tradisjon at han alltid skal ha ansvaret for familién, og at foreldra og søskena skal ha det bra. Dette gjer at han må sende pengar til slektingane, mor/tante på Sri Lanka, og dette tar på økonomien.

Han har støtt dårlig samvittigheit for mora si, men å take henne hit vil ikkje virke. Ho ville misstrivast.

Sanjayan har bodd i Geilane på Hareid i alle desse åra. Han har no kjøpt huset til Siv og Terje Dalsøren øverst i Håbakkane, og skal flytte dit med det første.

Borna er med på mange fritidsaktivitetar som turn, musikk og anna idrett, og han sjølv hjelper til så godt han kan.  
Kona jobber i Hareid Barnehage.

#### *Bilde av familien*



## Møte 20. november

Møtet denne dagen var den tradisjonelle røyrafesten på Holesanden. Som tidlegare år hadde vi planlagt å kombinere denne festen med Guvernørbesøket, men i år måtte Guvernøren dverre melde avbod grunna ein alvorleg sjukdom. Han er for tida innlagt på St. Olav Hospital i Trondheim, og vi ynskjer han god betring.

Røyrfisket i år har vore skralt. Mykje dårleg ver, vind, surt og kaldt, og hadde det ikkje vore for ein imponerande innsats av Jarle og Håkon, og ikkje minst Karl Johan og Kirsten, hadde det sett smått ut med røyr. Men desse har stått på i regn og vind slik det vart nok fisk i år også. Mange takk skal dokke ha for innsatsen.

Harald Røyset hadde også i år laga ansjos som smakte fortreffleg.

Då vi andre kom til Holesanden var det til ei varm og festpynta hytte, der Fest- og Kammeratskapskomiteen alt hadde vore i sving i fleire timer.

*På kjøkenet arbeidde dei på høggir. Her se vi Terje og Jarle i full aktivitet.*



Alle kosa seg på festen, og det vart seint før møtet vart slutt.

Hans Gisle leia festen, men før vi fekk smake på røyra i alle variantar med tilhøyrande salatar og sausar var det program. Først ut var Grimstadkoret som var vide kjende på 60 og 70 talet. Dei song til oss både føre og etter maten, og dei hadde så visst ikkje gløymt gamle kunstar.

*Slik er samansettinga av koret i 2006.*



Våre to trekspelvirtuosar Arve Richard og John, var også frampå, og Hans Gisle og Arild imponerte oss med duettsong.

John helsa fra Guvernøren, og presenterte Ingrid Holstad som skal vere klubben sin utvekslingsstudent i rotaryåret 2007-2008. Ho går no i 1. klasse på Gymnaset i Ulsteinvik.



Ingrid er dotter til Karin og Ingard Holstad. Ho er 17 år, og skal til Australia


*Her er dei som hadde ansvaret for at kvelden vart vellukka.*



*John i fullt driv på trekkspellet*



*Harald Røyset, som kvart år har hatt ansvaret på ansjosen.*



*Grimstadkoret sette pris på maten, og det såg ut for at dei kosa seg.*



*Presidenten og styret saman med assistenterende guvernør John Stennes*



*Ingrid, vår utvekslingsstudent og Karin*





## **Møte 27. november**

Som vanleg starta vi møtet med song. Dette var siste møte i månaden, og Liv hadde som vanleg sett fram noko å bite i. Denne kvelden var det svele.

Vi hadde planlagt å halde årsmøte denne mandagen, men før årsmøtet tok til, vart det ein diskusjon om arrangementet kring julemøtet.

Klubben har vore så heldig å få Martinus Brandal, som er konserndirektør i Aker-Kværner, til å halde foredrag på julemøtet, og i det høvet vart det vedteke å invitere ein del næringslivsfolk til møtet, mot at dei betalte for servering.

### **Årsmøte**

Årsmøtet tok til med at past president Arve Richard las årsmeldinga. Denne viste at klubben hadde hatt eit svært aktivt år.

Aktivitetane og utgiftene har vore så store at vi på det nærmaste har brukt opp all eigenkapitalen i klubben.

Eit slikt høgt aktivitetsnivå kan vi ikkje halde fram med uten at vi har økonomisk dekning for utgiftene i klubben sine inntekter.

Dette vart og bemerka frå klubben sin revisor, og vi fekk forsikringar frå presidenten og det nye styret om at dei for året 2006-2007 ikkje skulle

overskride budsjettet som vart lagt fram.

Klubben vedtok å auke kontigenten frå neste rotaryår med 200 kr. for kvar medlem.

Klubben har i dette rotaryåret arbeidt med nye vedtekter, som har vore ute til høyring og desse vart framlagde. Etter ein del endringar, vart dei godkjende som klubben sine vedtekter.

### **Val.**

Desse vart valde inn i styret for klubben for 2 år om gongen 2007-2009:

#### **Sekretær:**

Trygve Riise

#### **Kasserer:**

Johs J. Hareide

#### **Revisor:**

Egil Utgård

#### **Styremedlem:**

Vigdis Riise

Møtet gjekk utover den fastsette tida, men alle roa seg ned til presidenten avslutta møtet formelt.

Nokre sat også lenger.....

## Hareid Rotary

## FRAMMØTESTATISTIKK 2004/2005- 2005/2006

månad	2004/2005	2005/2006	2006/2007									
juli	44,60	58,40	40,80									
august	61,90	59,40	74,40									
september	58,00	66,10	63,60									
oktober	76,60	72,30	78,10									
november	75,60	74,20	73,80									
desember	67,70	71,00										
januar	82,60	74,20										
februar	75,80	65,70										
mars	65,60	66,40										
april	68,60	48,60										
mai	61,20	58,60										
juni	71,00	52,40										
Gjennomsn:	67,43	63,94	66,14									
Gjennomsnittleg hittil			66,14									

